

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2015	Takstnemnda for eigedomsskatt	PS	24.02.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	15/78	15/2206

Taksering av nye og endra skatteobjekt i 2015

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i eigedomsskattelova og Radøy kommune sine vedtekne prinsipp, rammer og retningsliner for takseringa skal det gjennomførast taksering av nye og endra eigedomar sidan førre taksering i 2014.

Eigedomsskattekontoret har på grunnlag av informasjon om nye eigedomar, bygg og tilbygg, henta frå byggesak og informasjon i KomTek, utarbeidd framlegg til nye satsar for dei aktuelle eigedomane. Det er lagt til grunn same satsar og prinsipp som ved tidlegare takseringar, slik at bygg oppført i 2014 vil få tilsvarende verdi som dei hadde fått dersom dei hadde vore taksert i 2009.

I tillegg er det halde særskilt taksering av gnr 86/21, som er monaleg utvida sidan førre taksering.

Eigedomsskattekontoret sitt framlegg til vedtak:

Det vert vedteke nye og endra grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for Radøy kommune for 2015 i samsvar med vedlagde oversyn over eigedomar.

Takstnemnda for eigedomsskatt - 002/2015

TES - handsaming:

Takstnemnda vedtok samrøystes eigedomsskattekontoret sitt framlegg til vedtak.

TES - vedtak:

Eigedomsskattekontoret sitt framlegg til vedtak:

Det vert vedteke nye og endra grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for Radøy kommune for 2015 i samsvar med vedlagde oversyn over eigedomar.